

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: *Ymse attåt for.*Oppskr. av: *Olav Fjørtoft*(adresse): *Fjørtoft*.Fylke: *Nøre og Romsdal.*Herad: *Haram.*Bygdelag: *Fjørtoft og Offerlei.*Gard: *Fjørtoft Nøre*

G.nr. 3 Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

*Oppskrifta er dels etter eiga  
røynsle og dels bygt på det gamle  
folk har fortalt om emnet så langt  
tilbake i tida som dei har fråsegn  
om. Framskillinga er såleis bygd  
på fleire kjelder med godt grunnlag  
for samanlikning og kontroll.*

Somme nr. 11.

Ymse attåfør.

I. Röfer.

a) Sanking av röfer til attåfør åt hūsdyr (ku, sau og gris) blir ikkje praktisert her i bygda no lenger.  
 b). Men det har vori brukt. Mi mor (fødd 1849) brukta til dels å gjera det så lenge ho stelle būshopen - til kring 1918.

F. hennar ungdomstid, og endå meir før 1850, var det vanleg over alt å brukta röfer som attåfør til gris.

4. Ymse röfer.

1. Som nemnt ovenfor blir det ikkje sanka röfer her i bygda no.

Den sid röfer vart sanka, vart dei rekna som godt lyelje for til gris, og delvis til ku.

F. f. verdenskrig var det stadvis brukt litt röfer til griser. Men storst sett vart det slutt med å brukta röfer ved siste hundrearskifte.

2 og 3. Dei mest brukte röfer var av brauske og balderbra frå åkeren når ein plogde og riinska han for ugras om våren. Desse röfene gav ein rå, men friske, til ku og gris.

Tume kyr lika dei bra, og det var sagt ~~at~~ at dei mjölnka godt av slik attåfør. Grisen lika ~~slike~~

slike røter, og <sup>2</sup>difor var dei vanleg nytta attåfor til grisene.

Kværkerøter var ein meir redd å brukka for skjeld ïgrasspreeing med gjødsla. Nokke rose finst her ikkje.  
4. Røkene koyrde ein fra åkeren at fjösdöra.

5. Røkene lauk forast opp med det same. Tørre ville ikkje kyrne eta dei.

6. Græske-og balderbra-røkene var rekna å vera best.

### B. Bregner.

Då bygda har lite skog, er bregner ein meir sjeldan vokster og ingen har hatt å seia som hjelpefor. Svar på desse spørsmål fell såleis bort.

### II. Tang og Tare.

#### A. Tang.

1. Tang vert ikkje brukks som årvisst hjelpefor i bygda no lenger. Så langt eg har granska tilkake i tida, har tang vori brukks som fast attåfor til gris, og ståndom til kui.

Det gylbrunek mjuke småbångs som veks på berg og stein på grønt vatn har over alt i bygdene her namnet grisetang. Dette seier ikke så lite om nytten denne tangsorten har hatt som grisefor. Det höyrde med til smågutarbeidet mitt (1895-1903) å skjera eller riva grisetang og bera, eller trilla det på trillebåru, til gards. Dette var elles vanleg på alle gardar. Efter verdenskrig var det

mykje brukkb, og ikkje sjeldan no i siste verdenskrig med den skort det då var på mjölk til grisefør. Men mellom begge verdenskrigane tok tangsankinga støft, og det er ikkje lenger aktuelt å sanka tang når det er lett å myjölfør til grisene.

2. Tång var helst brukkt til gris, meir sjeldan til kui, men gjerne til sau i seine snövärar. All tang varf difor sanka til kvar sid ein trong om den. Tångsanking var difor ikkje <sup>noko</sup> serskildl „onne arbeid“ bände til ei riss årsid.

3. Sigden var vanleg reiskap i skjera tauget med.

4. Det er alle slader kort veg til stranda. Difor bar ein for det meske tauget til gards i haser eller „kiper“ (fletta rygg-korgar.)

5. Tauget varf jammast kokt, anten saman med fiskeavfall - og det rekna dei å vera sers godt - eller ein gav dyra det med påskrøtt mjölk over. Ingen kjemmer til at ein let tauget gjëra før dyra fekk det.

6. Tång blir ikkje haldt for godt for no lenger.

### B. Tare.

1 Taren sanka ein og mytta mest om våren.

För hünsteng-dyrking varf vanleg (før 1880), var tare eit mykje mytta

1840

attat-for til kū og sau. Den verdfullaste og mest mytta faresort var den lange fjørforma bütaren, som veks på djupare vann rundt skjer og båar og langs bergstranda.

Den vanlige storfaren (bladfare, kurvtaren) var lite brukt.

2-3. Bütaren skar ein laus med langskaffa sigdar i fjøre sjø, → førde han til lands i båt og köyrde han fra stoa og til gards.

4. Det var mest vanleg å koka taren og strø mjøl over - om ein hadde det og gje kyrne det som sit slag sørpe. Gauene fekk taren helst ra.

Det var best om taren var frisk og uigjøra. Kyrne åt han gjerne når dei vart vant til han. Den gamle norske sauen likepå.

5. Taren blir ikkje rekna for godt for no lenger. Men i eldre tid var det ambleis. Fra det 18 hundreåret har ein fråsegn om at bütaren var årvisst attat-for til biskapen. Til kyr var bütaren alltid rekna for å vera betre enn tang.

Dei siste 50 år har fare vari mytta berre som naudfor i værknipta i kalde sein-vårar når høy og halm slapp opp. Fare og lyng var då einaste berginga. I dei siste 30 år har fare vari mytta berre iemtaksvis. I indre påseth biskap og moderne rasjonell foring har gjort slutt på

taresankinga mykje godt over aet.

### III. Små for av planter.

Andre slag sanke for har det vori lite av i desse bygder på øyane ut med sjøen. Det einaste kunne vera litt rognebær fra dei få rognedrea som veks her og der.

F mors og bestemors tid samla dei del vokse som var av rognebær om hausten, kårka bera og hoka ho seinare saman med <sup>annra</sup> til grisen og hønsa. F. f. verdenskrig gjorde vi det på vår gard og - av og til i seinare år med.

### IV. Hestemök.

Ingen veit av at hestemök har vori nytta som for i nokon form. Svar på desse spørsmål fell difor bort.

### V. Sørpefor.

1. Til små bùskapar blir det av og til hoka og -eller- laga sørpe til dyra emno. Sker det har minka meir og meir med dette i same mon skorten på arbeidslydps i hùs og fjøs har auka.

Feldre tid hoka ein sørpa i eld-huset. Fnyare tid på gardar utan eld-hùs er kokkinga flytt <sup>til</sup> kjellar og vaske-rom.

Kyrna fekk sørpa i bøffer. Sør 1900-åra var desse av tre.

Sørpa hoka ein berre når ho var laga av ei blanding av høy fro'

(høy mo), mjøl og stindom med litt bare, sang eller fiskeavfall altåt.

Fil sørpe av høy slo ein berre kokande vatn over og let det slå ei lid i trekkja, strødde så på litt havre- mjøl og gav kyrna sørpa varm.

2. Sørpe koka saman av hakkeløs eller agner og lett korn - helst byggkorn - var og mykje brukt. Ja, sørpe av bløyste agner med litt mjøl på vert brukt i mange fjøs emo. Det er den einaste måten ein kan nyta agnene på.

Slik agne sørpe blir og brukt til hesten. Var det bløyste eller koka korn i sørpa, hadde ein ikkje mjøl på.

Mjøse, surnjølk eller skummamjølk og saup var mykje nytt i sørpa så lenge mjølka var kinna og ysta heime på gardane. Seinare vart retkir-skinnamjølk frå meieri nytt til det same.

Mjølrøre og knoda mjølmenne var alltid brukt som kraftfor til fullmjølkande kyr like til dei ymse nyare kraftforslag kom i handelen etter 1900.

Mjølet til røra og emna var av grovmalen havre og lett korn av bygg.

Mjølet mol kvar gard på gardskvernar som kvar grend hadde til åra kring 1910.

3. Alt sørpe av høy, høyfrø og korn fekk kyrne varm. Varm sørpe med mjøl på måtte alle myber=kyr ha, både etter fødsel, ~~og~~ ved sjukdom, og som fast dagleg tillegg for i beste mjølketida

vinkermånadene og om våren, men sjeldan  
om sumaren.

8

Mjöldrikke, mjölröre eller faste  
mjölemme fekk nybær-kyrne kvar  
morgon vinter og vår. Dette kyrne  
fekk ikkje noko av det, og ungdyra  
fekk myse eller mjölk i drykkja.  
(Det same blir brukt emno i oppsal  
av dyr. Men ~~kan~~ kraftfor-mjölet får  
dyra helst ført no)

4. Om rognebær, sjå avsnitt III.

Det har alltid vori så lite av  
rognebær, at den fekk ikkje noko verd  
som tilskotsfor til kyr - berre til  
gris og høns.

5. Drank fra brenneri har ikkje  
førmessb her.

6. Mask var derimot brukt så  
lunge folk bryggja øl sjølv. Denne  
ølbrygginga på gardane støtta her  
i bygda (og i heile Håram herad) sist  
i 1890-åra.

7. Å koka log på høyfrø og høymo  
var før nokså vanleg og er ikkje  
heilt gått av bruk emno. Høyfrø og  
mjölk samankokt blir framleis mykje  
mytta til for å gris og høns.

## VI. Fiskeavfall.

1. Så lenge dei årvisse torskefiske på Sunnmøre stod ved lag - til kring 1923- og fisken vart silverka heime i bygdene, var det årvisst at ein gav kyrne (og grisene) fiskeavfall. Det var halde for å vera besta mjølke- og kraftforet ein kunne få. Fiske slog, torske hovud og anna fiskeavfall var difor eit høgverdig for og aldri rekna som nautfor i nær. Siste verdenskrigen vart slike fiskeavfall mykje der ein fekk tak i det, som ersatning for kraftfor, som ein då fekk lite og inkje av.

Fiskeavfall blir elles mindre og mindre myta etter kvart; for no sel fiskarane all fisken fersk kvar dag eller etter kvar tår. Av denne grunn kjem det lite og inkje fiskeavfall heim til gardane no lenger, og mykje verdfullt fiskeslog går til spille.

2. Av tørka fisk og fiskeavfall er det berre sild som har vori myta. „Løyping“ av tørka fisk var lite og inkje brukt.

Gilda fekk kyrne som ho var, men til gris vart ho løypt eller kokt.

3. Til gris koka ein ofte fiskeavfall saman med fang. Og til kyrne saman med buntare. Dyra åt då fareweltre. (Sjå avsn. II.)

4. Dyra fekk både kraffs og det kokte

1840

avfallet saman.

10

5. Hov fersk fisk vart morten mest mytha. I gode morte-år fiska og salta kvar gard fleire synner med mort. Ned morkn var fersk, vart han "löyst" og gjeven dyra ein gong om dag i vinter-tida så lenge tilgangen på fersk vare varde. Den salta småfisken vart først utvatna og så kokt eller löyst. Alle dyr lika dette foret godt og kyrne mjölka sers godt av det.

Salt silda fekk dyra som ho var men gjerne litt utvatna først.

Like til siste verdenskrig har salt vinter- og vårsild vori brukt som kraftfor til kyrne. Men dei siste 8 år er saltsilda helsl blitt for dyr til krøterfor. Sildemjölet har no komi istaden ~~fos~~ og blir mykje brukt både til kū og gris. Likeins fiskenmjölk male av fiskehovud og rygger.

Så lenge fisken vart tilverka og stelt heime, vart fisheslog mytha mykje og var rekna som eit fram ifrå mjölke- og kraftfor. Best var iselen og fishemagen, som ein gav dyra kokt eller löyst. Ferske fiskehovud vart kokt og gjevi dyra på same måten. Både kū og gris lika det sers godt og kyrne mjölka svært bra av det.

6. "Löypse" koka ein i eldhūset så lenge det stod på gardane. seinare ~~flytte~~ flytte ein kokkinga til kjellar

og vaskerom.

f. Fiskeavfall var aldri hovud = mengda av foret. Dyrja fekk det sjeldan meir enn ein gong om dag, - anten om morgonen før dei fekk høyet, eller om ~~morgonen~~ etter middagen. Ei vanleg bøtte i målet til kvast dyr var rekna å ver nok, men som regel berre ein gong om dag.

#

1840

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING